

## **Reglar grendacupen 2021**

Grendacupen blir avvikla i Hareidhallen 28. og 29. desember

Det er Fotballgruppa i Hareid idrettslag som er arrangør.

Grendacupen er ei innandørsturnering i fotball, der den overordna målsetjinga er å ha "fotballmoro" på tvers av klubb- og aldersgrensene.

### **Kampar:**

Dei innleiande kampane går over 1 x 15 minutt.

I finaleomgangane aukar speletida til 1 x 20 minutt. (Speletid per kamp kan reduserast ved behov.)

### **Namn:**

Ein del av sjarmen med Grendacupen er at spelarane kan danne nye lag frå år til år, og gi desse namn.

Toleransegrensene er vide, men vi vil be deltakarane om å ikkje bruke namn som kan verke krenkande og støytande.

Maks tal på bokstavar i eit lagnamn er 20 bokstavar, for å gjere det enklare for statistikkførarane.

Arrangøren føreheld seg retten til "omdøyping" av namn på lag.

Grendacupen har vore avvikla sidan 1994. Årets utgåve er den 27.i rekka.

### **Klassar:**

Det vert avvikla kampar i fire klasser: senior menn, senior kvinner og ungdom jenter og ungdom gutar.

### **Påmelding:**

Bruk skjema som ligg nedst på sida.

Påmeldinga skal innhalde namn på laget, klasse, kontaktperson med mobilnr, mailadresse og spelarar med fødselsår.

Fristen for påmelding er 10. desember!

### **Senior menn:**

(f. 2005 og før):

Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.

4 utespelarar + målvakt på bana om gongen.

Påmeldingsavgift 1000,-kr pr lag.

### **"Utlendingsregel"**

- \* Eit herrelag kan nytte inntil 4 "utlendingar".
- \* Ein utlending er ein spelar som ikkje har budd minst tre år i Hareid kommune.
- \* Eller ikkje har spelt minst 50 kampar (a og/eller b) for Hareid (jamfør adelskalenderen).
- \* Dei som har spelt kampar for Hareid a-lag, Hareid 2 eller Hareid junior i inneverande sesong, og står framleis i Hareid IL Fotball ved sesongens utløp blir rekna som hareidsdølar.
- \* Dei som er medlemmer i den offisielle Grendacup-komiteen (styret) opplyst på nettsida under aktuelt årstal er heller ikkje utlendingar.

### **Senior kvinner:**

(f. 2005 og før):

Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.

4 utespelarar + målvakt på banen om gongen.

Påmeldingsavgift kr 1000,- per lag.

Ingen "utlendingsregel"

**Ungdomsklasse:**

(f. 2006, 2007, 2008, evt. også 2009.):

Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.

4 utespelarar + målvakt på banen om gongen.

Påmeldingsavgift kr 800,- per lag.

Ingen "utlendingsregel".

**Old Boys-klassa:**

(f. 1986 eller før).

Ingen «utlendingsregelen»

Maksimum 10 spelarar pr. lag.

Påmeldingsavgift kr. 1000,- per lag-

Spelarane må være mosjonistar og ikkje spele i divisjonssystemet.